



EIDANGER JEGER OG FISKERLAG

Stiftet 4. desember 1950

Org.nr: 992 721 626



Referat styremøte EJFL den 16/11-21 kl. 18.00

Sted: Lillegårdseter

Til stede: Rune Lauritzen, Ronny Hansen, Aina S. Leines, Thomas Naper, Øyvind Ranheim, Tommy Løberg Pedersen

Forfall: Kjell Vidar Omsland, Joakim Lunde, Jon Kolstad

Referent: Aina S. Leines

Sak nr.	Saker til behandling:	Ansv.	Frist
26/21	Økonomi: -EJFL har pr. dags dato ca 1.005 000 kroner på konto. -Tommy har gjort om på klubben sin Vipps slik at dei ulike avdelingane har ulike Vippskontoar men same bankkonto. -Tidlegare har rifle- og rifleammo vore delt opp på to kontoar. Dette blir no samla for å gjera det lettare for Tommy mtp regnskapet. -Når styremedlemmar søker om tilskot til aktivitetar og får tilsagn på dette, så ønsker Tommy mail på dette.		
27/21	Rundt bordet: Thomas: -Har levert høyringa som hadde frist 15. nov. EJFL må vera litt i forkant mtp veg frå E18 inn til Lillegårdseter då Nye Veier dessverre har ein tendens til å trenere saka for både EJFL og Porsgrunn Pistolklubb. EJFL har heldigvis veldig godt samarbeid med Porsgrunn Kommune og Porsgrunn Pistolklubb. Tommy: -Jegerprøvekurs er gjennomført og 15 av 17 deltakarar har bestått prøva. Instruktørane har fått masse positive tilbakemeldingar på kurset, noko som er vel fortjent! -Nytt kurs vil bli satt opp på starten av nyåret som vil gå over 2 helgar. -Alle jegerprøveinstruktørar må resertifiserast i 2022 Aina: -Har hatt kveld med stell av våpen ute hjå Petter Korsell -Jakt saman med ungdomsgruppa på Songli i Orkanger -Foredraget om fuglejakt blei dessverre avlyst då foredragshaldar måtte trekke seg. Øyvind: -I morgon blir blodsporkurset avslutta. -Vil setje i gang nye kurs til neste år der ein då vil setja eit tak på antal deltakarar og registrere betaling pr. faktura.		

	<p>For Joakim:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Finne løysing for lagringsplass for å lagre ammo oppe på bana. Eit forslag er kontainer berekna for dynamitt. -Sidan det vil bli prisauke på ammo etter nyttår, er det ønskeleg å handle inn for eit større beløp i nærmaste framtid. -Joakim har ytra at 10 stk av banemannskapet ikkje ynskjer å fortsette til neste år. Prøve å finne ut kvifor. <p>Rune:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Løpande elg er på veg og ankommer førtskommande torsdag. -14. desember skal Eiffage som samarbeider med B&G ha skytedag på Lillegårdseter frå kl 13. Rune skal stå for servering av ein 3-retters middag. -Rune vil ta med dugnadsgjengen som jobbar på bana på dagtid på middag/julebord på Seilmakerhuset førstkommande tysdag. Dette var det einstemmig einigheit for i styret. 		

Møte hevet kl. 20.15